


LINDÅS KOMMUNE
Postmottak, KVERNHUSMYRANE 20
5914 ISDALSTØ



DERES REF: | VÅR REF: 615234
DOKUMENTKODE: 615234-PLAN-BREV-AD01
TILGJENGELIGHET: Åpen

Bergen, 13. mai 2014

**Lindås kommune, gnr. 127, bnr. 111, 125, 126 mfl.
Stormyra næringspark, Mongstad- reguleringsendring
Detaljreguleringsplan**

Initiativtakar

Med heimel i Plan- og bygningslova §§ 12-1 og 12-8 vert det med dette varsla oppstart av arbeid med endring av reguleringsplan for Stormyra næringspark, Mongstad i Lindås kommune (Plan-ID 1263-201110). Planområdet er knapt 500 daa. Mongstad Vekst AS er forslagsstillar. Multiconsult er utførande plankonsulent.

Planstatus og føremål

På Storemyra skal det i høve til gjeldane reguleringsplan etablerast eit stort næringsområde. Utbygginga fører til eit stor overskot av jordmasser. Volumet av desse massane er av ein storleik som gjer at det ikkje vil vere mogeleg å nytta alt til jordbruksføremål. Føremål med planarbeidet er derfor å leggja til rette for eit jorddeponi i området som i gjeldane plan er regulert til grøntstruktur. Deponiet vert ferdigstilt og vil etter deponering kunna nyttast som naturområde/grøntstruktur. Permanent veg fram til jorddeponi inngår i planen.

Område som i gjeldane plan er regulert til næringsbygningar med tilhøyrande infrastruktur skal i utgangspunktet ikkje endrast.

Gjeldande planar i området

Kommunedelplan for Lindåsneset med Mongstad, vedtatt 16.09.2010

Tilliggjande reguleringsplanar:

1263-12121983	Mongstad sør. Vedtatt 13.10.1983
1263-20062002	Mongstad industriområde, deler av. Vedtatt 24.6.2004
1263-23012006	Mongstad industriområde, nordre del. Vedtatt 16.9.2010
1263-201102	Storhamn Mongstad. Vedtatt 26.04.2012 (sist revidert 25.7.2012)

Planen vil erstatte følgjande planar:

1263-1236-201110, Storemyra Næringspark, vedtatt 21.06.2012

Pågåande planarbeid i området:

1263-23012006 Mongstad, Statoil industriområde, omregulering og utviding

Avgrensing

Avgrensinga er vist på vedlagt kartutsnitt og planen vil erstatte heile gjeldande plan.

Planen omfattar heile eller deler av følgjande eigedomar:

Gnr. 121, bnr. 4

Gnr. 127, bnr. 60, 69, 75, 76, 77, 78, 85, 89, 93, 111, 125 og 126

Merknader

Eventuelle merknader og synspunkt på planarbeidet skal sendast skriftleg **innan 15.06. 2014** til:

Multiconsult AS, v/Bent Stensaker, Nesttunbrekka 99, 5221 Nesttun eller pr e-post:

bent.stensaker@multiconsult.no

Vidare arbeid

Til reguleringsendringa vil det verta utarbeidd:

- Plankart
- Føresegner
- Planomtale
- ROS-analyse

Planen medfører etter kommunen si førebelse vurdering ikkje krav om konsekvensutgreiing etter kap. 4 i plan- og bygningslova. Dersom dei innkomne merknader ved varsel om oppstart planendring ikkje er av vesentleg karakter, vert planendringa handsama som ei mindre endring.

Etter at fristen for merknader er gått ut vil merknadene verta oppsummert og kommentert. Deretter vil dei fylgje planframlegget når dette vert sendt til Lindås kommune for handsaming.

Venleg helsing
MULTICONSULT

Bent Stensaker

Vedlegg:

1. Oversiktskart med plangrense
2. Gjeldane reguleringsplan